

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 4/2005

Møtedato: 9.2.05

Arkiv nr:

Fiskekortprisar

Prisar på jakt- og fiskekort er regulert med maksimalprisar frå Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Prisane for fiskekort ligg godt under maksimalgrensa og sidan siste regulering i 2000 er konsumprisindeksen auka med ca 10 %. Fjellstyret bør vurdere om ein skal justere kortprisane.

Gjeldande prisar for innan- og utanbygds:

Korttype	1 døgn	3-døgn	veke	året
Enkeltkort	45	90	135	200
Familiekort	55	110	170	250

For garn/oterkort betaler fjellstyret tilbake halve kortprisen ved innsending av fangststatistikk.

Med utgangspunkt i døgnkortprisen har forholdet mellom dei ulike kort vore slik: 3-døgneskort x 2, vekekort x 3, sesongkort x 4,5 og familiekort x 1,25 for dei ulike korta. Prisane har vorte justert til nærmeste 5-krone.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek følgjande fiskekortprisar for innan- og utanbygds:

Korttype	1 døgn	3-døgn	veke	året
Enkeltkort	50	100	150	225
Familiekort	65	125	190	280

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.2.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: DN